



BYGGMEISTER MONSEN AS
Padlaporsen 5

5463 USKEDALEN

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
Anne Rita Eriksen	926 46 329	2023/2578		24.08.2023

DELEGERT DISPENSASJON OG IGANGSETJINGSLØYVE - EITT- TRINNSSØKNAD – delegert vedtak

Tiltak:	Garasje/carport
Gnr/bnr:	112/100
Byggestad/adresse:	Smeaskogen 27, 5464 DIMMELSVIK
Tiltakshavar:	Olav Gunnar Hjelmeland, Smeaskogen 27, 5464 DIMMELSVIK
Ansvarleg søker:	BYGGMEISTER MONSEN AS, Padlaporsen 5, 5463 USKEDALEN
Matrikkel:	BYA= 43 m ² BTA= 43 m ² BRA= 41 m ²

Delegert vedtaksnr.: 2023/375

Delegert dispensasjon:

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 19-1 vert det gjeve dispensasjon frå byggegrensa i reguleringsplanen for plassering av garasje/carport. Kommunen finn ikkje at dispensasjonen vil komme i vesentleg strid med føremålet i lova og dei interessene lova og planen skal ivareta. Fordel med å gje dispensasjon er større enn ulempene.

Igangsetjingsløyve:

Med heimel i PBL § 20-3 vert søknad journalført 10.08.2023 og tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, gjennomføringsplan og ansvarsrettar for funksjonane SØK, PRO og UTF for firma:

- Byggmester Monsen; SØK i t.kl.1
- Lio Sag & Treforedling AS; PRO i t.kl.1
- Byggmester Kvame; UTF av tiltaket

Vilkår:

1. Innmålingsdata for oppdatering av kart må sendast inn straks tiltaket er plassert, seinast ved søknad om bruksløyve/ferdigattest.

Tiltaket kan igangsetjast når klagefristen på 3 veker er gått, og det ikkje er kome merknad til vedtaket.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

- Dispensasjon: Tiltaket krev dispensasjon frå reguleringsplanen for plassering av bygg utanfor byggegrensa. I dette tilfelle visar original reguleringsplan at plassering av garasje på tomta kan førast opp delvis utanfor byggegrensa, men på noko anna plass. Kommunen finn ikkje at tiltaket kjem i vesentleg strid med føremålet i lova og dei interessene lova og planen skal ivareta. Fordel med å gje dispensasjon er større enn ulempa.
- Plassering: Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova.
- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg ikkje føre merknader.
- Ansvar: Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.
- Estetikk: Tiltaket har god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.
- Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.
- Kulturminne: Ingen registreringar i området.
- Overordna mynde har klagerett på deleger dispensasjonsvedtak.
- Det ligg vassleidning i nedre kant av tomta. Denne må takast omsyn til.

Merknader

- Dette løyvet er sendt til ansvarleg søkjar som skal varsla utførande om løyvet og vilkåra til dette.
- Rekning for saksbehandlorgebyr ifølge vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Søknad om ferdigattest med oppdatert gjennomføringsplan og sluttdokumentasjon må sendast kommunen i samsvar med PBL § 21-10 når tiltaket er ferdig. Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattesten eller mellombels bruksløyve ligg føre.
- Kommunen har plikt til å føre tilsyn i byggesaker. Ref. PBL § 25-1. Kvinnherad kommune har utarbeidd og godkjent eigen tilsynsstrategi. Kommunen kan føre tilsyn kva tid som helst i løpet av byggesaka og inntil 5 år etter at ferdigattest er gitt.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For kommunedirektøren i Kvinnherad

Anne Rita Eriksen
Fagkoordinator byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:

Referatsak forvaltningsutvalet

Matrikkelen

Statsforvaltaren i Vestland

Vestland fylkeskommune